# Møtereferat

Norconsult

Oppdragsgjevar: **Kvinnherad kommune** Oppdragsnr.: **5201876/5201878**

## Referat frå arbeidsmøte om Hovudplan for vegar og Vegnorm

| **Dato:** 2020-05-14 | **Stad:** Videomøte | | **Tid:** 09:30 – 13:30 | |
|---|---|---|---|---|
| **Møteleiar:** Hildegunn Furdal/Mats Korneliussen | | **Referent:** Mats Korneliussen | | |
| **Verksemd:** | **Navn/Init.:** | **Rolle/Ansvar:** | **Til stades:** | **Kopi:** |
| | Anne Lise Næs | Samfunnsplanlegging | | X |
| | Hildegunn Furdal | Prosjektleiar | X | |
| | Sigbjørn Øye | Sektorleiar Teknikk og miljø | X | |
| | Per Inge Naterstad | Innleidd frå Veg og park | X | |
| | Terje Natland | Einingsleiar veg og park | X | |
| | Hjalmar Heimvik | Veg og park | X | |
| | Øyvind Hardeland | Veg og park | X | |
| | Anders Jamne | Norconsult | X | |
| | Mats Korneliussen | Norconsult | X | |
| **Neste møte:** 4. Juni | **Stad:** Rådhus, Rosendal | | **Tid:** Ikkje fastsett | |

| **Punkt:** | **Sak:** | **Frist/Utført:** | **Ansvar:** |
|---|---|---|---|
| | Under er ein gjennomgang av hovudpunkta som blei drøfta og som skal følgjast opp vidare knytt til Vegnorm og Hovudplan for vegar. | | |
| 1 | **Gjennomgang av Vegnorm**<br>Hildegunn orienterte om nye fristar. Vegnorma skal tas opp i PTM 8. september, med skrivefrist 28. august. Vegnorma blir tatt opp som orienteringssak i neste PTM 9 juni. | | |
| | • Gjere meir tydeleg kva slags veger Vegnorma skal gjelde for. | 4.juni | Norconsult |
| | • Det blei påpeikt at det er viktig å sikre at tenester som brannbil, søppelbil, hjemmesykepleier etc. kjem fram langs privat veg. | | |
| | • Stigning av veg: Det blir utarbeida ein eigen tabell med basiskrav med blant anna stigning og andre krav for dei ulike vegane. Dette gjeld også for breddeutviding i svingar. | 4.juni | Norconsult |
| | • Det kom forslag om at store køyretøy kan bruke landbruksveg som snuområde – dersom dette er tilgjengeleg. Norconsult skal undersøke dette vidare. | | |
| | • Gravemelding: Det er ynskjeleg at gravemelding samlast på ein stad med link til relevante dokumenter. | | |

| Punkt: | Sak: | Frist/Utført: | Ansvar: |
|---|---|---|---|
| | • Kvinnherad kommune undersøker korleis saksbehandling knytt til arbeidsvarsling, graveløyve etc. fungerer samt fristar. Dette informeres om og vil verte brukt som rettleiar i vegnorma. | 4. juni | Kvinnherad |
| | • «Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg» skal leggjast til grunn i Vegnorma. | | |
| | • Fylkeskommunen har krav om at det ikkje er tillét å grave på ny asfalt etter fem år. Etter fem nye år er det kun tillét å grave etter nøye vurdering. Det er ynskjeleg med ein liknande presisering i Vegnorma. | | |
| | • Vestland fylkeskommune har krav om at det ikkje skal gravast på ny asfalt innan fem år – etter fem år skal det nøye vurderast. Det er ynskjeleg med ein liknande presisering i Vegnorma. | | |
| | • Hildegunn sender over tekst og informasjon om prosessar i forbindelser med oversendelse av tekniske teikningar og utbyggingsavtalar. | | |
| | • Noen veger skal forbli privat. Viktig å sikre privat veg. Stikkingsdata – innmåling som byggdokumentasjon for både privat og kommunal – sendes digitalt. | | |
| | • Omklassifisering: Gjere tydeleg korleis veger kan nedlaggjast som offentleg veg. | | |
| | • Fortau industri/næringsområde: Presiser at det gjeld langs adkomstvegen og ikkje inne på det aktuelle område. | | |
| | • Fartsdempande tiltak – det blir vist til handbok for val av løysning og utforming fartshump. | | |
| | • Standardklasse: Fjern privatveg som klasse, og kall det for landbruksveg. Dette inkluderer også skogsveg. | | |
| | • Det vil bli utarbeida skisser av overbygning for tre veger + G/S-veg og fortau. | | |

| Punkt: | Sak: | Frist/Utført: | Ansvar: |
|---|---|---|---|

- Gjerder og hekker må være tydelig. Det tilrådast 1 meter utenfor veien formålsgrense. Vegetasjon og hekker som blir eit eige kapittel. Det må vere enkelt å håndheve og forholde seg til. Sjå grannelova.

- Bilder med eksempler på murer arbeider kommunen vidare med.

- Vegnorma skal vise til VA-normen med krav til overvann.

- Vegnorma skal stille krav til dimensjonerande storleik på stikkrenne under avkøyrsle.

- Skilt og oppmerking – presiser plassering av skilt. Reklame skilt – henvise til handbok om reklame.

- Veglys: Norconsult tydeligger prosess knytta til etablering av veglys. Det skal kun vere krav til vegbelysning på kommunal veg.

- Ingen tunneler på kommunal veg i Kvinnherad. Vegnorm henviser til aktuelle handbøker.

- Bruer og kulvertar vert tatt med i Vegnorma.

- Revisjon gjerast etter behov og etter vurdering av eining for veg og park. Lage en revisjonshistorikk –i siste del av dokumentet.

| Punkt: | Sak: | Frist/Utført: | Ansvar: |
|---|---|---|---|
| **2** | **Gjennomgang av Hovudplan**<br><br>Mats orienterte om bakgrunn og innhald i hovudplan for vegar samt status og framdrift.<br><br>Mats og Terje arbeider saman om å utforme innhald i hovudplan. Det gjennomførast korte arbeidsmøter kvar veke kor det blir tatt ein gjennomgang av kvar enkelt kapittel. Terje tar med aktuelle personar.<br><br>Kvinnherad kommune skal skaffa oversikt over status på vegnettet (dette arbeidast det med) og lage list over kva slag strekningar som bør prioriterast med omsyn på drift- og vedlikehald. Innspel frå trafikksikringsplanen over strekningar med dårleg standard bør takast med i prioriteringane.<br><br>Hovudplan må belyse behovet for midlar for at det kommunale vegnettet skal kunne oppretthaldast ein forsvarleg standard. | | |
| **3** | **Neste møte**<br><br>**Dato:** 4. juni<br>**Tid:** Ikkje fastsett<br>**Sted:** Rådhus, Rosendal | | |